

---

**Fra:** Thomas Remme <remme.thomas@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 14. april 2020 14:19  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Klage på løyve til oppføring av tilbygg og frittliggende dobbel garasje  
- gbnr 137/253 Alver

Klage på byggesaksgodkjenning

Viser til byggeløyve motteke 25.03.2020 gjeldande Gbr. 137/253 Alver, Saksnr. 346/20. Viser også til tidlegare innsendte kommentar til søknaden, samt kommentar til tidlegare byggesøknad hausten 2019.

Vi meiner at våre kommentarar til byggesøknad ikkje er tilstrekkeleg teke omsyn til i vedtaket. Vi vil med dette klage på vedtaket og be om ny sakshandsaming av saka.

Dette gjeld særskild følgjande punkt:

Tilbygg slik det er skissert i byggesøknad og byggeløyve er eit omfattande inngripen i nærmiljøet. Bygget på tomta vil endre seg vesentleg frå slik det er i dag med eit slikt tilbygg. Samla bygnad vil oppfattast som estetisk stygt, og det vil opplevast ruvande og dominerande i terrenget. Tomten det skal byggast på ligg midt i byggefeltet Alvermarka/Ikenberget difor vil eit slikt bygg vere til sjenanse ikkje berre for dei næraste naboane men og for dei som bur og ferdast i byggefeltet.

Det er framleis uklart kor mange bueiningar tilbygget saman med eksisterande bygg legg til rette for. Som vi viser til i kommentar til tidlegare byggesøknad er teikningar avvikande, så også på dette punktet. Vi har fått innsyn i teikningar som skisserer både to og tre bueiningar med kjøkken i bustaden. Teikningar slik dei no ligg til grunn for vedtaket er for dårleg og gjev rom for tolking. Det må presiserast ytterlegare i byggeløyvet at kravet om ei bueining gjeld heile bygningsmassen som ei eining.

Vi ber om at det vert sett restriksjoner på maks mønehøgde på nybygg tilsvarende det som er på eksisterande bygg.

Mvh,

Jeanet Lindås og Thomas Remme

Ikenberget 43